



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Nyheitsbrev 25.06.2025

Kjære ressursperson og leiar!

Nyheitsbrev vert sendt ut to gonger årleg. I dette nyheitsbrevet vil de finna oppsummering av aktivitetane som har vore i nettverket denne våren, informasjon om planar for hausten, og de vil finna aktuell informasjon frå fagfeltet.

Nettverket skal sikra samarbeid, og dei lokale nettverksmøta legg til rette for dette på ein unik måte ved at ein vert betre kjent og får ei auka forståing på tvers av kommune- og spesialisthelsetenesta.

Send gjerne brevet vidare til kollegaer på din arbeidsstad, eller legg eit eksemplar på vaktrommet for å synleggjera kva du er ein del av ☺

Kva har skjedd sidan sist?

Nytt for heile regionen er at det er arbeidd fram ny strategi for nettverket som er sendt breidt ut til ressurspersonar, leiarar og samarbeidspartar i heile regionen. Strategien er tilgjengeleg på nettverkets nettside, og vi håper strategien kan bidra til auka bevisstheit om nettverket sin betydning – både lokalt og regionalt.

Årleg fagdag for begge nettverka vart arrangert 26. mars med tema «Omsorg i eit fleirkulturelt samfunn» med rundt 120 deltakarar og gode evalueringar i etterkant.

Lokale nettverksmøte

Det er gjennomført lokale nettverksmøte i alle nettverksgruppene denne våren. Tema for undervisninga:

- «*Oppfølging av kreftpasienter i forbindelse med cellegift, immunterapi og zometa behandling*» undervisning ved Hilde Beate Vik, kreftsjukepleiar ved Kreftpoliklinikken Haugesund sjukehus. Kreftsjukepleiar Berit Røksund ved Stord sjukehus og kreftsjukepleiar Charlotte Ramsøy ved Odda sjukehus har bidratt med denne undervisninga i sine nettverk
 - «*Hvordan kan flerkulturelle arbeidsfellesskap styrke våre helse- og omsorgstjenester, og fremme kvaliteten i lindrende behandling og omsorg ved livets slutt*» undervisning v/ Anne Kristine Ådland, ph.d ved HVL
- Alle gruppene vil i løpet av året få undervisning i begge tema, fordelt på vår og haust.

Helse Fonna har 6 nettverksgrupper med ressursjukepleiarar frå alle kommunar og sjukehus i helseføretaket

Helse Fonna har eige nettverk for fysioterapeutar og ergoterapeutar innan palliasjon

Planar for hausten 2025

Nettverksmøta startar opp i september. Du som er ressursperson er viktig for både nettverket og for din arbeidsstad, og som bindeledd mellom kunnskap og praksis.

Her er oversikt over nettverksmøta hausten 2025:

Nettverksgruppe	Dato
Hardanger	23. september: Odda sjukehus
Ytre Haugaland Midt	28. oktober: Sveio
Ytre Haugaland Nord	(ny dato kjem) november: Norheim sykehjem/ Storasund sykehjem
Ytre Haugaland Sør	16. september Haugesund sjukehus
Indre Haugaland	15. oktober: Sauda
Sunnhordland	14. oktober: Bømlo

Sett av datoen i kalenderen og informer leiar allereie nå.

Hugs møta er obligatoriske for sjukepleienettverket. Fysioterapeutar og ergoterapeutar møter når dei kan.

Nettverket består av **123** ressurspersonar i sjukepleienettverket og **27** ressurspersonar i fysioterapi- og ergoterapinettverket.

For meir info sjekk ut pallnet.no

Fagdag i nettverket for fysioterapeutar og ergoterapeutar

Årleg fagdag for nettverk av fysioterapeutar og ergoterapeutar i Helse Fonna vert arrangert **16. september** på Veia sjukeheim. Driftsgruppa er godt i gang med planlegginga, og håpar på godt oppmøte.

Driftsgruppa har plass for fleire ressursfysioterapeutar og ressursergoterapeutar- ta gjerne kontakt dersom du er interessert i å bidra.

Introduksjonskurs vert arrangert på HVL **1. oktober 2025**. Alle nye ressurspersonar og deira næraste leiar er velkomne.

Lokal fagdag innan grunnleggande palliasjon vert arrangert på HVL **18. november 2025**. Fagdagen er spesielt retta mot nye ressurspersonar i nettverket, og dei som ikkje tidlegare har deltatt. Ein ser det som viktig, når ein skal vera ressursperson på sin arbeidsstad, at ein har oppdatert kunnskap om grunnleggande palliasjon. Det vil vera same undervisning kvart år. Fagdagen er også for helsepersonell som ikkje er med i nettverket, som ønsker oppdatert kunnskap.

Verdsdagen i lindrande behandling vert denne hausten markert med stand på eit av sjukehusa i helseføretaket.

Meir informasjon om alle arrangementa kjem både på e-post og via KLB sine nettsider.

Kurs og konferansar

[22. landskonferansen i kreftsykepleie «Når livet tar ukjente veier»](#), 17. -19. september 2025, Bergen.

På **KLB sine nettsider**, under kurs, seminar, konferansar og webinar finnes det webinar tilgjengeleg, i regi av International Collaborative for Best Care for the Dying Person: [Webinars | Best Care for the Dying Person](#)

Digital kursserie om lindrande behandling

«Den lille forskjellen»: ein gratis digital kursserie om lindrande behandling, som Utviklingssentre for sykehjem og hjemmetjenester i fellesskap arrangerer gjennom året: ["Den lille forskjellen" 2025: Digital kursserie om lindrende behandling](#)

Aktuell informasjon frå fagfeltet

➤ Hald oss oppdatert!

Har du fått ny leiar, nytt telefonnummer eller er ferdig med studiar? Meld frå til KLB: lindrende.behandling@helse-bergen.no for oppdaterte opplysningar i www.pallnet.no

➤ Medikamentskrinet for symptomlindring i livets slutfase er oppdatert

Den årlege gjennomgangen av innhaldet i medikamentskrinet er nå fullført. Det er gjort få endringar, men den viktigaste gjeld algoritmen for behandling av surkling i øvre luftveier.

➤ Tilskotsordninga **Kompetansehevande tiltak for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt** gjer det mogeleg for kommunar å søkja støtte til prosjekt som styrkjer kvalitet og kompetanse i palliative tenester. Søknadsfrist er vanlegvis 1. mars. Pågåande prosjekt i vår region finn de på KLB sine nettsider, under kommunale prosjekt. Ta gjerne kontakt med KLB ved spørsmål.

➤ **Modellen for heimetid og heimedød er publisert**

Modellen er utvikla i samarbeid med fire kommunar (m.a. Karmøy kommune) og støtta av Helsedirektoratet og Senter for Omsorgsforskning. Målet er å gi andre kommunar inspirasjon og verktøy til å utvikla eigne lokale modellar for heimetid og heimedød. [Link til rapporten Modell for heimetid og heimedød.](#)

➤ **Nye temahefter om lindrande behandling og omsorg**

Frå hausten 2025 skal to nye temahefter om lindrande behandling bidra til å heva den grunnleggjande kompetansen innan palliasjon hjå helse- og omsorgspersonell i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Dei nye temahefta erstattar «Digital opplæringspakke - Lindrande behandling og omsorg ved livets slutt».

➤ **Åstveit Helsesenter, Bergen:** tilbyr spesialisert tverrfagleg rehabiliteringsopphald til personar som har ein kreftsjukdom, eller som lever med seinfølger etter kreftsjukdom.

➤ **Rehabilitering Vest, Haugesund:** tilbyr rehabilitering etter kreftsjukdom og for personar med sjukdom i muskel og skjelett www.rehabiliteringvest.no

Hospitering

Ressurspersonar vert oppmoda til å hospitera i løpet av ein 3-års periode (jmfr. Kompetanseplanen). De kan lesa meir om [hospiteringsordninga for Helse Fonna på nettverket si nettside, under aktuelle dokument](#)

Nytt frå Kreftforeningen

Stafett for livet, Karmøy 30.-31. august 2025

Kreftforeningen sin Stafett for livet er ei hyllest til alle som er ramma av kreft. Familie, vener, skular, foreiningar, arbeidsplassar og andre, dannar lag for ein person dei vil støtta eller minnst. Saman skal dei gå eller springa i eit heilt døgn for visa at det alltid bør vera nokon på banen for den som er sjuk.

Her kan du lesa meir om stafetten [Kreftforeningens Stafett for livet Karmøy - Kreftforeningens Stafett for livet](#). Følg også stafetten på Facebook for å halda deg oppdatert. Velkommen til å delta!



På bildet til h. er to av våre engasjerte frivillige: stafett-leiar Mette Ask (til venstre), og kommunikasjonsansvarleg Tone Gjelsvik West (til høgre), i Stafett for livet Karmøy.

Stortingsvalet september 2025. Kva helsesaker er viktigast for deg?

Me har ei sterk offentleg helseteneste som ein ikkje kan ta for gitt. I åra framover står me framfor utfordringar som gjer det ekstra viktig å ta vare på dei som tar vare på oss. [Historier om vårt fantastiske helsevesen – og hva vi risikerer å miste – Kreftforeningen](#) Les og stem på saker som er viktig for deg.

Nytt frå KOR

[Kreftomsorg Rogaland \(KOR\)](#) er lokalt kompetansesenter for kreftpasientar, pårørende og etterlatne. KOR sin visjon er "Livskvalitet - når livet er i endring".

Tenester i KOR: Me skreddersyr psykososial helsehjelp gjennom terapeutiske samtalar, som kan vera individuelle samtalar, par- og familiesamtalar, samtalar i heimen eller på institusjon. I tillegg har me tilbod til grupper og kan starta nye grupper ut frå behov. Me tilbyr også undervisning og kurs.

I 2024 utvikla me kommunikasjonsverktøyet KOR boksen som skal hjelpa fagpersonar å samtala med born i sorg og krise. Me får gode tilbakemeldingar frå andre fagpersonar som har tatt i bruk dette verktøyet. Deira erfaringar og opplevingar er at symbol på korta gjer det enklare å komma inn på tema borna er opptekne av. [På vår heimeside ligg det nå illustrasjonsvideoar for tips og inspirasjon for korleis boksen kan brukast](#)

Med ynskje om god sommar til dykk alle!



Med helsing frå driftsgruppene for nettverka

Grete Skeie Sørhus og
Jenny-Ann Lid Toft (studiepermisjon)
Sjukepleienettverket

Karoline Berge
Fysioterapi- og ergoterapinettverket

Tusen takk for innsatsen, engasjementet og faglege bidrag i kvardagen!